

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 82 / 2017 Sak til: 89 / 2017	Onsdag 6 desember 2017	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.

Frammøtte: 6 av 7 medlemmer, 1 varamedlem.

Til stades

Medlemmer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland,
Astrid Marie Haugland, Solfrid Kongshaug Aase og Reidun Håpoldøy.

Varamedlemmer: Gunvor Eggebø Næss

Meldte forfall: Einy Daviknes.

Andre frammøtte:

Sak / år:

82/2017: Møteprotokoll frå møte 15 november vart godkjent.

83/ 2017: Meldingar:

Forskjellige tidsskrifter som vi legg i kyrkjelydshuset. Dei som ynskjer å lese dei, kan ta dei med seg.

84/ 2017: Gudstenesteliste:

19/11: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Evangeliesenteret. Luthertema. Ansvarleg: Team 2.

29/11: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

3/12: kl.11,00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Lys vaken. 4 årsbok. 1 søndag i advent.

.....
17/12: **kl.18.00:** Lysmesse v/Astrid Marie Haugland.. Nattverd. Offer: Diakonalt arbeid på Askøy. Konfirmantane deltek. Ansvarleg: Team 4.

20/12: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

24/12: **kl.15.00:** Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Offer: Kirkens nødhjelp. Julafta. Ansvarleg: Team1.

25/12: **kl.12.00:** Høgtidsmesse v/Astrid Marie Haugland. Offer: Leif Heggernes sitt arbeid. 1 juledag. Ansvarleg: Team3.

07/01: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Det norske Misjonsselskap. Ansvarleg: Team 1.

85/ 2017 :Evaluering og førebuing av gudstenestene.

3/12:Det var mykje som føregjekk på denne gudstenesta og det burde vore fleire frå teama som kunne hjelpt til.

17/12: Lysmessa vert v/ Astrid Marie Haugland. Konfirmantane deltek og det trengs nokre til å hjelpa til med kapper, lys og anna. Konfirmantane møter kl.16.

24/12: Treet skulemusikkorps deltek.

25/12: Det er ynskje om solist 1 juledag.

86/2017: «Tid for tru» i Herdla kyrkjelyd. Plan for våren.

Det vert 4 samlinger i kyrkjelydshuset

Torsdagane 11 januar, 8 februar, 8 mars og 12 april.

Vi kom med innspel til forskjellige tema som vert tatt vidare til komiteen for samlingane.

Dei praktiske oppgåvene planlegg vi på neste soknerådsmøte.

87/2017: Høyringsutkast til lov om trus og livsynssamfunn. (Trusamfunnsloven)

Det er utarbeida eit høyringsforslag frå komiteen, som vert lagt fram for fellerådet til endelig godkjenning.

Vi gjekk gjennom den.

88/2017: Kyrkjelydshuset: Vegene vidare – oppussing/innkjøp.

Vi gjekk gjennom forskjellige ting som vi treng til huset. Det vert også ein del dugnadsarbeid vidare framover.

89/2017: Eventuelt.

- Herdla barnekor har fått kr.7500 frå organisasjonen MOT.
- Gudstenesta i pinsehelga 2018 på Herdla vert ikkje ei felles økumenisk gudsteneste, slik som vi hadde i 2017.
- Soknerådet har fått kr.5100 for klokkarteneste.
- Prosjektor til kyrkjelydshuset:
Vedtak: Vi ynskjer å ha ein prosjektor i kyrkjelydshuset.
- Stoler i kyrkja:
Vi får nokre stolar til utprøving bak i kyrkja. Dei kan evt tilpassast med fargar som passar inn.
- Skilt på kyrkjelydshuset:
Vedtak: Det vert bestilt skilt med «Herdla kyrkjelydshus» til å ha både på vestre og nordre vegg.
- Givertenesta i Herdla:
Her har vi fått betalt inn det beløp som var ynskjeleg i 2017.

Neste møte vert onsdag 10 januar.

Håpolden, 4 januar 2018..

Reidun Håpoldøy.

Referent.